



Sæbø skule

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/1403 - 16/10204

Saksbehandlar:
Lisbeth Toppe Alvær
lisbeth.alvaer@radoy.kommune.no

Dato:
15.08.2016

Søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning - fleirbruksanlegg for ballspel ved Sæbø skule

Me har mottatt brev datert 12. august 2016 med søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av planane for fleirbruksområde for ballspel ved Sæbø skule.

Me har vurdert planane og godkjenner desse med følgjande merknader:

- Anlegget er ikkje omtalt i *Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026* for Radøy kommune. Då anlegget er eit nærmiljøanlegg som er kostnadsrekna til mindre enn 600 000 er dette ikkje eit krav for å søkja spelemidlar. Tiltaket er eit leidd i oppgraderinga av skuleplassen ved Sæbø skule, som kommunestyret har løyvd midlar til gjennom budsjettet.
- Det er gjort greie for at tilkomsten frå skuleplassen til bana skal skje gjennom ein to meter brei grusveg. Det er ein føresetnad for godkjenninga at tilkomsten mellom skuleplassen og bana skal vera trinnfri og utan andre fysiske hinder for t.d. rullestolar, og at anlegget i seg sjølv skal vera universelt utforma. Det bør brukast ein type grus som gjev eit fast dekke, eller asfalt.
- Det kan gjevast inntil 50 % tilskot til nærmiljøanlegg gjennom spelemiddelordninga. Dette er ikkje med i finansieringsplanen, men me legg til grunn at det i finansieringa er tenkt 50 % spelemidlar og 50 % eigenfinansiering.

Lyssetjing er ikkje eit krav for nærmiljøanlegg, men for å sikra god brukskvalitet, bør dette vurderast.

Eitt sett med planar vert returnert med godkjenningsstempel.

Skulle planane verta endra, må nye, oppdaterte planar sendast over for ny førehandsgodkjenning. Godkjenninga gjeld for to år. Det kan søkast om forlenging.

Det er eit krav at idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning ligg føre før byggearbeida vert sett i gang. Førehandsgodkjenninga gjev ikkje garanti for tilskot frå spelemidlane.



Med helsing

Lisbeth Toppe Alvær
kommunalsjef drift og forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Sæbø skule

Til Radøy kommune

Søknad om idrettsfunksjonell godkjenning balløkke ved Sæbø skule.

1. Nærmiljøanlegg ved Sæbø skule står på plass i kommunen sin plan
2. Området for ballspel får 2m brei gangveg inn på skuleplassen i komprimert grus. Skuleområdet har universell utforming.
3. Arealet ligg på kommunal grunn som grensar inn til skuletomta. Dette arealet er definert som friareal i kommunen sin arealplan. Den opparbeidde bana vil få eit areal på 10*20m. For utforming, sjå vedlagt tilbod frå entreprenør. Sjå og vedlagt kartskisse. Bana vert i nær tiknytning til Klatrejungel, montert i 2015, samt klatrepyramide og anlegg for klatring/styrke og ballanse som er planlagt gjennomført haust 2016. Vedlagt kart viser plassering.
4. Estetikk:
Området ligg i ei opning i skogområdet nordvest for skulen. Det var eit våtsøkk som var farleg for elevane her inntil skulen for eit år sidan fekk drenert. Eksisterande vegetasjon rundt bana vil bli ståande, og etableringa vil ikkje gå ut over kvalitetane området har estetisk. Anlegget vert pent tillaga med jord inntil kantane og isåing av grus, sjå tilbod frå entreprenør. Det vil i tillegg gi utvida tilbod for leik. Det vil heller ikkje generera anna støy enn barn i leik, slik ein ballbinge kunne gjort med ballar mot ei hard flate.
5. Investering og drift.
Det er kommunal løyving til etablering av tiltaket i årets investeringsbudsjett. Drift og vedlikehald vert kommunalt ansvar.
6. Behov. Skulen hadde fram til nybygg 2009 ein fotballbane, 70*40m knytt til skuleplassen. Ny skule er bygd der denne bana låg. Ballbinge etablert i 2007 skulle dekke behovet. Ballspel eg populært og med eit aldersspenn frå 6 til 13 år, er det stadig rift om å få plass i ballbingen. Den nye bana blir nesten dobbelt så stor som ballbingen og vil gi eit positivt tilbod til dei eldste elevane og fritida for barn som bor i nærområdet.
7. Vedlagt pristilbod:
68250kr inklusive mva.
17224kr inklusive mva (2mål 2*3m med nett + frakt)
85550kr Sum

Sæbø skule 12.08.2016

Rolf Sandstad
rektor

RADØY KOMMUNE
Tlf nr 56 34 90 00
Rolf Sandstad

Pristilbud på plass 20x10 meter

Sender her over tilbud på jobb ved Sæbø Skule.

Tilbudet har med: Utlekking av eksisterende terreng til flat/plant overflate, fjerning og vekkjøring av røtter som er i veien til tipp, legging av fiberduk (klasse 3) for å skille masser og skape fasthet i plassen, innkjøring/utlegging steinmasser 40-50 cm tykkelse, innkjøring/utlegging av grus (0-16) i 10-20 cm, gangvei 2 meter bredde fra skuleområde og bort til plass, valsing av plass og gangvei med 500 kg vibroplate, ligge på soldet/sortert jord rundt plass og langs gangvei, sår frø i jorden.


Pris eks mva kr 54.600

Pris ink mva kr 68.250

Vennlig helsing Lasse Kviste

Kviste Maskin


RADØY KOMMUNE
70 nr. 56 34 90 00



Sæbø skule nærmiljø
 21.10.2016
 Målestokk: 1:500
 Radøy kartverk

RADØY KOMMUNE
 Tlf. nr. 66 34 90 00

